

# UNIVERSITETET I OSLO

## Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

### Heimeeksamen i INF 3290 "Store og komplekse informasjonssystemer" hausten 2012

Ikkje skriv namn på oppgåva, men bruk kandidatnummer som du finn i Studweb. Svaret ditt skal ha ei lengd på minimum 2000 og maksimum 4000 ord. Du leverer eksamensbesvarelsen i Devilry (<https://devilry.ifi.uio.no>) innan 12. desember 2012 kl. 23.59

Oppgavesettet er på 2 sider.

Svar på alle fire deloppgåvene. Besvarelsen blir vurdert som ein heilskap.

#### **Case: Nytt digitalt radiosamband mellom naud- og beredskapsstatane (Naudnett)**

Etter at utgreiings- og utviklingsarbeid hadde pågått sidan midt på 1990-tallet, vedtok Stortinget i desember 2006 å inngå kontrakt om å starte utbyggjing av eit nasjonalt digitalt nett for naudetatene (brannvesenet, politiet og helsevesenet) for å erstatte det eksisterande analoge radiosambandet. Direktoratet for nødkommunikasjon vart oppretta i 2007 og har ansvaret for å styre utbyggjinga av det nye naudnettet og forvalte nettet når det er ferdig.

Du finn mykje informasjon om Naudnettet hos Direktoratet for nødkommunikasjon ([www.dinkom.no](http://www.dinkom.no)) under "Sentrale dokumenter", bl.a. ei kort informasjonsbrosjyre: [http://www.dinkom.no/FILES/dnk-brosjyre\\_2007.pdf](http://www.dinkom.no/FILES/dnk-brosjyre_2007.pdf)

I tillegg vil du finne bakgrunnsinformasjon og fakta om prosjektet i fleire rapporter, mellom anna desse fra 2001, 2004 og 2011:

[http://www.dinkom.no/FILES/Utredning\\_endelig\\_20010305.pdf](http://www.dinkom.no/FILES/Utredning_endelig_20010305.pdf)

[http://dinkom.no/FILES/justisdepartementet\\_om\\_112-nodnummer.pdf](http://dinkom.no/FILES/justisdepartementet_om_112-nodnummer.pdf)

[http://dinkom.no/FILES/2011/evalueringsrapporter/evalueringsrapport\\_trinn\\_1\\_ver1\\_1.pdf](http://dinkom.no/FILES/2011/evalueringsrapporter/evalueringsrapport_trinn_1_ver1_1.pdf)

DIFI (direktoratet for forvaltning og IKT) gjorde i 2008 ei evaluering av prosjektet. Rapporten finn du her (lenke til pdf-dokument på høgre side):

<http://www.difi.no/artikkel/2009/11/organiseringen-av-nodnettprosjektet>

Det har også vore mange oppslag i dags- og fagpressa, sjå m.a. Computerworlds oppslag: "Dette er historien bak Tetra" her: <http://www.idg.no/computerworld/article246172.ece>

Det skal ikkje vera naudsynt å studere desse dokumentene i detalj, men berre i den grad du treng for å svare på spørsmåla. De kan sjølvsagt gjerne bruke andre relevante dokument også.

## Oppgave

- a) Beskriv mangfaldet av involverte aktører, deira bruksbehov og andre krav i Naudnett-prosjektet.
- b) Kva kan ein kalle installert base i Naudnett-prosjektet?
- c) Basert på svaret i a) og b), diskuter korleis dette har bidrege til kompleksitet.
- d) Diskuter om den foreslåtte løysinga og utrullingsstrategien eit døme på kultivering av installert base.